



Notat

Dato: 30.10.2014
Arkivsak: 2014/17306-2
Saksbehandlar: benutne

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål frå samferdselsutvalet – toalett Mundheim

På møtet i samferdselsutvalet 22.10.14 gav **Jostein Ljones** uttrykk for bekymring for at toalettbygget på Mundheim ikkje vert bygt pga at det ikkje er klart kven som skal ha ansvar for drift av bygget. Administrasjonen lova å koma attende med skriftleg svar.

I brev frå Hordaland fylkeskommune til Mundheim Grendautval av 24.08.12 (201203864-2) vert det gitt lovnad om ei løyving på kr 200.000 til prosjektet. Vidare heiter det i brevet: «I og med at tiltaket primært ikkje er retta mot rutetrafikken, ser Hordaland fylkeskommune det ikkje naturleg å ta ansvaret for drift og vedlikehald». Desse midlane har så langt ikkje vorte brukt.

Fylkestinget løyvde i mars 2014 kr 250.000 til «miljøtiltak rasteplass Mundheim». (Midlar som ikkje blir brukt eit år, må løyvast på nytt i året dei skal brukast).

Kvam herad har ved fleire høve i etterlyst svar på om fylkeskommunen kan ta drifts- og vedlikehalds-ansvaret. Statens vegvesen har anslått at dersom driftsansvaret vert lagt til driftskontrakten, vil dette utgjera rundt kr 100.000 pr år. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka etter dette.

Kvam herad opplyser i e-post til Statens vegvesen den 23.10.14 at heradet har avgjort å byggja toalettet sjølv om drifta ikkje er avklara. Arbeidet vert lyst ut i løpet av 2014, og heradet ønskjer stadfesting på at løyvinga frå Hordaland fylkeskommune vert ståande.

Fylkesrådmannen kan stadfesta at tilbodet om tilskot kr 250.000 til toalett/rasteplassen står ved lag. Hordaland fylkeskommune kan som tidlegare nemnt ikkje ta ansvar for drifta av tiltaket, då dette ikkje er primært retta mot kollektivreisande.